


VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

september

2021

REVISJON AV KOMMUNEPLAN – ME VIL HØYRA DI MEINING

Kommunen er i gang med revisjon av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen. Gjennom dette arbeidet kan du vera med å forme Vindafjordsamfunnet inn i framtida. Å høyra på di stemme er lovbestemt og skal skje på fleire nivå før kommunen gjer vedtak.

Sjå filmen [kva er ein kommune-plan / https://www.youtube.com/watch?app=desktop&v=nl-vClipv6I&feature=youtu.be](#) for å få svar på korleis du kan vera med å påverka Vindafjordsamfunnet inn i framtida. Når du har sett filmen, vil me svært gjerne at du skal [svara på vår spørjeundersøking](#) (du finn den også på heimesida til kommunen – kommuneplan under arbeid).

I arealdelen til kommuneplanen blir det bestemt korleis me skal bruka areala på land og i sjø. Dette skjer gjennom vedtak av eit kart som viser område for sentrumsfunksjonar, bustadar, hytter og næring, landbruks-, natur- og friluftsområde med meir. I denne revisjonen av arealdelen skal me sjå på areal for bustad, næring, sentrum, sjøareal og strandzone og landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Her er det lenke til ei eiga løysing for å [legga innspel til arealdelen rett i kartet](#). (sjå også heimesida til kommunen)

1.9.2021 gjennomførte kommunen eit eige dialogmøte med landbruksnæringa. I møte fekk landbruksnæringa gi innspel til både samfunnsdelen og arealdelen. I september og oktober vil kommunen arrangere folkemøte. [Tidspunkt for folkemøta](#) ligg på heimesidene vår.

Følg med på heimesidene til kommunen for å halde deg oppdatert om arbeidet med kommuneplanen.



Satsingsområda i kommande
kommuneplanperiode

INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST - HAUSTEN 2021

Innsamling skjer i månadsskifte september/oktober. Sjå annonse i Grannar. [Levering må skje tett opp til annonserert dato, slik at ein unngår plast på avvegar](#). Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande. I 2020 vart det samla inn 120 tonn plast i Vindafjord.

LANDØYDA – EI SVÆRT GIFTIG PLANTE

Landøyda er ei svært giftig plante som spreier seg lett dersom ho ikkje vert fjerna. Planta er skadeleg for beitande dyr, spesielt storfe og hest, som kan få leverskader.



Ugraset er eit aukande problem i Rogaland, og no har fleire aktørar gått saman om ein felles handlingsplan for nedkjemping av landøyda, for at ho ikkje skal spreia seg vidare.

Etter avtale som Rogaland bondelag har gjort med Rogaland fylkeskommune langs deira fylkesvegar, har gardbrukarar no lov å sprøyta i vegkantar som grensar til eigen eller leigd gard, mot problemugras som landøyda. Dette for å hindra at ugraset spreier seg vidare på eigen gard. Avtalen gjeld frå no og ut 2023. Avtalen legg til grunn at den som utfører sprøytinga har nødvendige godkjenningar, og følgjer krava i forskrift for plantevernmiddel. Avtalen føreset også at arbeidet vert gjort etter gjeldande regelverk for å sikra den som utfører sprøytinga og vegtrafikkantar.

LYSSIV OG TISTEL Husk det viktige arbeidet med å fjerna/sprøyta lyssiv og tistel i beita dine!



SAMANFØYING AV EIGEDOM

I nokre tilfelle har ein eigar fleire bruksnummer som til saman utgjer ein 'eigedom'. Det kan vera tilleggsareal som tidlegare er kjøpt eller gamle bruksnummer der eigaren ikkje kjenner til dei interne grensene.

I slike tilfelle bør ein rydde opp i eigedomsforholda ved å samanføye bruksnummara.

Vilkår for samanføyning

1. Eigedomane ligg i same kommune.
2. Dei har same eigarforhold.
3. Dei grensar inntil kvarandre (kan fråvikast).
4. Dei ikkje har kolliderande heftelsar (f.eks. forskjellige panteforhold)

Er desse vilkåra til stades, kan du krevje eigedomane samanføyd. Dette kan du gjera ved å fylle ut [skjema for krav om sammenføyning \(pdf, 151 kb\)](#) som sendes til landbruk@vindafjord.kommune.no

Eller til Vindafjord kommune, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid.

Kva koster sammenføyning?

Samanføyning av eigedomar er gratis.

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2

- HUGS SØKNADSFRIST 15. OKTOBER

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn**, ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

HUGS Å OPPDATERE HUSDYR-REGISTERET INNAN TELJEDATO 1. OKTOBER

For deg som søker tilskot til storfe, husk å oppdatere Husdyrregisteret. Me nytter opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekry / ammekry har kalva dei siste 15 månader før teljedato.

ÅRLIG GJØDSLINGSPLAN

Husk at gjødslingsplanen skal oppdaterast kvart år, og at du må ha skriftlege avtalar om spreiling av husdyrgjødsel.

PLANTEVERNJOURNAL

Du må føre journal over bruk av plantevernmidlar. Dersom du leiger andre til å sprøyte, har du ved ein eventuell kontroll, likevel ansvaret for å dokumentere sprøytinga.

REGIONALT MILJØTILSKOT 2021 –
Søknadsfrist 15. oktober
Søknad kan leverast frå 15. september
Sjå fylkesmannen si heimeside for oversikt over tilskotsordningar og rettleiing til søknad om regionalt miljøtilskot i Rogaland 2021.
<https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-miljotiltak/vilkar-for-a-fa-regionalt-miljotiltak/>

Nytt av året er tilskot til klimarådgjeving på gardsbruk. Ta kontakt med oss på landbruk dersom du er i tvil eller lurar på noko ved utfylling/innsending av søknad.

AVLØYSING FERIE- OG FRITID / GODKJENT DOKUMENTASJON

Eksempel på godkjent dokumentasjon for avløysarutgifter er til dømes;

- årsoppgåve frå avløysarlaget
- a-melding frå altinn
- bankbilag og faktura

Døme på godkjend arbeidshjelp:

- stell av dyr
- saueklipping
- klauvskjering
- gjerdehald
- jordarbeiding
- snekkerarbeid (gardsdrifta)
- rundballepressing

Døme på arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:

- dyrlege
- drektighetskontroll
- rekneskapsførar
- utgifter til elektrikar
- mekanikar

Det er kun lønsutgifter til personen som utfører arbeidet som blir dekka, så fakturaen må spesifisere kor mange timer som er gått med og kor mykje av rekninga som er lønsutgifter.

Ta kontakt med Sissel Lilleland eller Anne Karin Langeland dersom du er i tvil.



AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM – HUGS Å BE OM SJUKEMELDING PÅ PAPIR

Det viser seg å vere vanskelig å få dokumentert sjukemelding, dersom du kun har fått den elektronisk. Så dersom du blir sjukmeld og skal søkje om tilskot, så må du hugse å be legen om ein papirversjon av sjukemeldinga.

- **ikkje lenger krav om positiv næringsinntekt**

NB! Ektefelle / sambuar må framleis ha positiv næringsinntekt på ½ G for å kunne søkje tilskot til avløsing ved sjukdom.
Ta kontakt med Sissel Lilleland for nærmere informasjon.

VILKÅR FOR BEITETILSKOT – INNMARK OG UTMARK

Vilkår for å få beitetilskot på innmarksbeite er at dyra beiter minimum 12 veker, der minimum halvparten av det daglige grovforinntaket skjer ved beiting. Med andre ord er det snakk om beiting og ikkje «lufting».

I tillegg kan du få tilskot til dyr som går på utmarksbeite, der det er tilfredsstillande beitemoglegheiter, dersom hovuddelen av det daglege grovforinntaket til dyret skjer ved beiting i utmark i minimum 5 veker.

For å vera berettiga utmarksbeite tilskot, så skal tilgangen på utmarksbeite altså vera tilfredstillande. Dette er eit svært vanskelig spørsmål som mellom anna avhenger av beitekvaliteten på graset, og kor mykje nyttbart beite utmarka inneheld.

I Vindafjord varierer næringsinnhaldet på utmarka ein del.

Me er svært opptatt av at dei viktige beiteressursane i utmarka vert utnytta, men beitinga må vera reell.



SPREIEAREAL

Me minner om at jf. forskrift om gjødselvarer av organisk opphav § 24 – krav til spreieareal, så kan husdyrgjødsel berre spreiest på godkjent spreieareal.

Fulldyrka og overflatedyrka jord er automatisk spreieareal. For å kunne spreie på innmarksbeite må arealet vere godkjent som spreieareal. Utmarksareal kan ikkje godkjennast som spreieareal, men kommunen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå delar av gjødselvare-forskrifta.

Ønskjer du å nytte husdyrgjødsel på beite, der arealet ennå ikkje er godkjent som spreieareal, så ta kontakt med kommunen v/Anne Karin Langeland.

Då avtalar me ei synfaring til våren der me vurderer areal og beitepraksis mm, og finn ut om arealet kan godkjennast som spreieareal. Godkjent spreieareal er å finne på Temakart-Rogaland.

Sjå meir info om Husdyrgjødsel og spreieareal på heimesida vår:
<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjødsel-og-spreieareal/>

INNOVASJON NORGE

Om du driv med mjølk og har planer eller tankar om å bygga om til lausdrift, så ta kontakt med kommunen.

Dersom det blir like stor rift om midlane frå Innovasjon Norge neste år, må kommunen gi tilbakemelding ved årsskiftet om søknader som kjem, for å kunne komma med i vurderinga. Det vart stor konkurranse om midlane frå Innovasjon Norge i 2021. Midlane vart difor brukt opp tidleg i år. Nye mjølkefjos vart prioritert høgst. Dei mjølkebruka i Vindafjord som sökte om midlar til påbygg eller nye fjos fekk midlar av Innovasjon Norge. Ettersom Innovasjon Norge prioriterte mjølkebruka, vart det mindre midlar til generasjons-skiftesaker tilknytt sau, ammeku eller ungdyrfjos i årets søknadsomgang.

STYRKA SATSING PÅ GJØDSEL-LAGER

I dei nasjonale føringane for 2022 kjem det fram at Innovasjon Norge kan gje investeringstilskot til bygging av gjødsellager med minimum 10 månader lagringskapasitet eller fast toppdekke, samt til biorestlager. Det kan også gis tilskot til anlegg med gjødselseparator. Tilskotssatsen er heva frå 20 til 25 prosent av godkjend kostnadsoverslag og øvre grense for tilskot til gjødsellager er dobla frå 100 000 til 200 000. Det er lagt inn 15 mill. friske kroner til auka prioritering av gjødsellager og gjøselseparatorer for 2022.

UTFØRT SKOGKULTUR 2021

Innreiseforbodet skapte utfordringar for skogplantinga i heile landet denne våren, men i Vindafjord vart det ved hjelp av lokal arbeidskraft likevel planta gran på 297 dekar (77.300 planter) og supplert på 94 dekar (17.800 planter), totalt 95.100 planter. Av dette vart 20.150 planter sett av skogeigarane sjølv eller av arbeidskraft organisert av skogeigaren. Per september er det i tillegg utført ungskogpleie på 119 dekar.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER

Staten sitt særskilte «klimatilskot» til skogplanting og supplering (Tettare skogplanting som klimatiltak) gjeld og for 2021. Fristen for å levere søknad til kommunen etter haustplanting er 7. november.

Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp.

Meir om tilskotet finn du her:
<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/skogbruk/tilskotsordningar/skogkultur/>. Du kan og kontakte kommunen. Kopi av faktura og kart skal følgje søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungskogpleie, bør ikkje leverast kommunen seinare enn 25.11., om vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen 30.11.21.

PLANTING 2022

Dersom du planlegg planting i 2022, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Her i området er proveniensar frå Hartz mykje brukt.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Fylkesmannen. Dette gjeld også for juletre. Sakshandsamingastida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god til før plantesesongen begynner.




JAKT PÅ HJORT OG RÅDYR

Jakta på hjort og rådyr er i gong. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12. For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12. Kommunen har i år tildelt 1176 løyve for hjort, av dette 729 med bestandsplan og 447 utan bestandsplan.

Det er også tildelt 199 løyve på rådyr. I tillegg har 5 vald kvotefri jakt på rådyr.

Fristen for levering av fellingsrapporten er 02. januar 2022.
Rapporten må leverast kommunen sjølv om de har nytta Sett og skutt-appen.



SETT HJORT OG SLAKTEVEKTER

Resultata frå Sett Hjort- registreringane kan gi eit bilet på samansettinga av bestanden og trendar i utviklinga av stammen. Informasjonen som kan trekkast ut av Sett Hjort og vårteljinga er viktig som grunnlag for framtidige forvaltningsplanar.

Stadig fleire registrerer Sett hjort-data digitalt på appen Sett og skutt. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan også slaktevekter leggast inn. Dataa må godkjennast i hjorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Valdleiar og jaktfelteiarar kan få tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret.

Det er framleis mogleg å nytte papirskjema. Slaktevektdata må då først på tilleggsskjema.

Meir informasjon om ordninga finn du her: <https://www.hjortevilt.no/sett-elg-og-sett-hjort-2/>. Sett hjort- data og slaktevekter frå 2006-2020 er tilgjengelege i www.hjorteviltregisteret.no under Statistikk.

Slaktevektene gir informasjon om utviklinga av storleiken på dyra. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrare vert resultata.

Me oppmodar om å sende informasjon om slaktevektene for dei felte dyra i valdet, sjølv om de ikkje skulle ha fått registrert Sett hjort. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing.

Skjemaa sendast *Vindafjord kommune*, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid, eller på e-post til:
gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no, så snart som råd etter jakta.

Takk til alle som har levert inn Sett hjort-data til nå!

SKRANTESJUKE (CWD) – PRØVE-TAKING AV VAKSNE HJORT UNDER JAKTA 2021

Sidan skrantesjuke (CWD) vart oppdaga i Noreg har det vore gjennomført ei omfattande testing av hjortevilt. Mellom anna har det vore tatt prøvar av fallvilt.

Dette året skal det i Vindafjord takast CWD-prøvar av alle vaksne HJORT (2 år eller eldre) som er felte under ordinær jakt. Dette gjeld alle kommunar som er heimkommune for sau som beitar på Hardangervidda.



Det skal takast prøver frå hjernen og bakre svelglymfeknuter. Det er jegerane som tar prøvene, med prøvetakingsutstyr frå Veterinærinstituttet. Prøvene skal sendast i ferdig frankert konvolutt til Veterinærinstituttet for analyse. Kvar «jegerpakke» inneheld nødvendig utstyr for å ta prøver av eitt dyr, informasjon om prøvetakinga, merkelapp og ferdig frankert emballasje.
Prøvetakingsutstyr er distribuert til valdleiarane for vidare fordeling til dei som har løyve på vaksne dyr.



BEVARINGSVERDIGE STORFERASAR – REGISTRERING I NIBIO

I Søknad om produksjonstilskot, del 2, kan dykk søkje om tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Det er i tilfelle eit vilkår at desse er registrert i kuregisteret ved Norsk genressurssenter.

Kuregisteret er ein slektskapsdatabase for alle dei bevaringsverdige norske storferasane; Dølafe, Sidet trønderfe, Nordlandsfe, Telemarkfe, Vestlandsk fjordfe, Vestlandsk raudkolle og Østlandsk rødkolle.

For registrering av nye hendelsar i kuregisteret må du fylle ut eit skjema som du finn på nett;
<https://www.nibio.no/tjenester/kuregisteret> og sende inn til Norsk genressurssenter,
kuregisteret@nibio.no.

Kyr og oksar som er tilskuddsberettiga må vere minst 7/8 rasereine og registrert i kuregisteret seinast på teljedato 1. oktober.

Kyrne skal ha kalva i løpet av dei siste 18 månadane og okse skal vere minst 12 månader.

Meir om vilkåra finn dykk i «Rettleiar til søknad om produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid»

PRØV DEN NYE HEIMESIDA VÅR!

Kommunen har fått ny heimeside. Det er no mykje enklare å søkje informasjon, og få svar på spørsmål, innan jordbruk og skogbruk. Du kan også søkje opp alle tilsette, der du finn både e-post adresser og tlf. nummer direkte. Her vil du også finne lenker til aktuelle rundskriv, skjema m.m.

The screenshot shows the homepage of Vindafjord Kommune's website. At the top left is the commune logo with the text "VINDAFJORD KOMMUNE". At the top right are three buttons: "Kontakt oss", "Finn tilsett", and "Gi innspel til nettsida". Below the header, there is a navigation bar with links: "Vakre Vindafjord", "Ledige stillinger", "Søknadsskjema" (underlined), "Postliste", a search bar with the placeholder "Kva leitar du etter?", and a "Søk" button. To the right of the search bar is a "KORONA | COVID-19" box containing links to "Oppdatert informasjon om koronaviruset", "Smittetal", "koronatest", "råd og tiltak", and "vaksinering". Below this is a "KOMMUNEPLAN UNDER ARBEID" box with links to "Status", "planprosess", and "medverknad". The main content area features six circular icons with arrows pointing right, each leading to a category: "Barn og skule" (Barnehagar, skular, SFO, skulerute, PPT, barnevern, vaksenopplæring), "Helse og velferd" (Corona, NAV, helsestasjon, legehjelp, omsorgssenter, psykisk helse, rustiltak), "Kultur og fritid" (Bibliotek, kulturskule, idrett, frivillig, arrangement, museum, turar), "Byggesak og teknisk" (Plan, bygg, eigedom, veg, vatn, avløp, kart, brann, feiling, avfall), "Natur og landbruk" (Vilt, landbruksstiskot, naturmangfald, jordbruk, skogbruk, klima og miljø), and "Nærings og etablering" (Næringsutvikling, etablerarhjelp, tomter, sal og servering, skatt, Vakre Vindafjord).

GARDSKART –

Ditt gardskart finn du på:

<https://gardskart.nibio.no/search>, skriv inn kommune, gards- og bruksnr. for å få fram gardskart over eigedom som du disponerer. Dersom du disponerer fleire eigedommar, kan du leggje til fleire eigedommar og få desse på same kart ved å trykkje på Legg til-knappen som du finn i verktøylinja over kartet.

Areala av dei innteikna teigane som er i produksjon, er grunnlaget for kva som kan søkjast om i produksjonstilskot i jordbruket (oktober - omgangen). Det er difor viktig at du får oppdatert gardskart dersom det er endringar, slik at karta er rett til ei kvar tid. Dersom det er endringar eller spørsmål angåande arealet, så ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf. 53 65 61 38

Nytt i gardskart frå 2021:

Legg til fil

Under Legg til-knappen, som har fått nytt design , er det no mogleg å lasta opp fil i formata kml, gpx og GeoJSON. Dette betyr at du kan leggje inn GPS sporing direkte i gardskart.

Logg inn

Det er nå mogleg å logge inn via IDporten. Profilen din kan administreras via Min side, kor det også er mogleg å slette brukar og tilhøyrande data.

Lagre tegning

Når du er logga inn kan du lagre teikningar og henta desse fram seinare. Teikningar som er lagra er synlege under «Mine lagrede elementer».

NB: Gardskart støtter ikkje lenger Internet Explorer.

Eining Areal- og forvaltning:

| Namn | Hovedoppgåver |
|---|--|
|  | Erle Mæland Aasheim Tlf. 53 65 61 20 e-post: erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no Einingsleiar |
|  | Signe Theilmann Jensen Tlf. 53 65 61 32 e-post: signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no Innovasjon Norge |
|  | Harald Olav Stuhaug Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 e-post: harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no SMIL / Vanndirektivet |
|  | Sissel Lilleland Tlf. 53 65 61 30 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no Produksjonstilskot |
|  | Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 53 65 61 22 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no Konsesjon/deling/nydyrkning |
|  | Anne Karin Langeland Tlf. 53 65 61 38 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no Oppdatering av gardskart |
|  | Gitte P. Halvorsen Tlf. 53 65 61 29 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no Skog og viltforvaltning |

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65



VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2
5585 SANDEID